| Dato | Status | Søker | Tittel | Søkt | Innvilga | Grunngjeving | Om Prosjektet |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 14.03.2019 | Ubehandlet | ASKØY MUSEUMSLAG | Digitalisering av fotoarkiv mottatt fra avisen Askøyværingen | 30000 | 0 | Det er positivt at museumslaget vil skanne og gjere foto frå avisen Askøyværingen tilgjengeleg for ålmenta. Grunna omfanget vil vi tilrå laget å søke samarbeid og rettleiing frå ein etablert museums-/arkivinstitusjon både med tanke på tekniske løysingar, produksjonsløype og tilgjengeleggjering. Vi har i år valt å prioritere færre prosjekt med større beløp, og har etter ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsmengde dessverre ikkje prioritert dette prosjektet. | Askøy museumslag har overtar den analoge fotosamlingen til lokalavisen Askøyværingen. Denne samlingen ønsker vi å digitalisere sammen med informasjon om de enkelte bildene. Arbeidet er omfattende i tid og vil sansynlig vis ta et par år. Arbeidet vil bli gjort av Sigvar Næss som tidligere har gjort lignende arbeid for laget. Vi har tidligere digitalisert bildene fra lokalavisen "Askøy Tidend" som nå er nedlagt. |
| 10.03.2019 | Ubehandlet | BJØRGVIN MARKNAD | Bjørgvin Marknad | 15000 | 0 | Vi vurderar arrangementet som eit positivt tiltak for å skape lokalhistorisk interesse og engasjement. Vi har i år valt å prioritere færre prosjekt med større beløp, og har etter ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsmengde har vi dessverre ikkje prioritert dette tiltaket. | Bjørgvin Marknad er en bergensbasert frivillig organisasjon som har som formål å formidle viking- og middelalderhistorie til interessert i alle aldre, på en levende og interessant måte som engasjerer. |
| 06.03.2019 | Ubehandlet | BØMLO TUR- OG SOGELAG | Historiske forteljingar frå Bømlo - Leidarsteidn | 26000 | 7000 | Innvilga beløp er for utgjeving av publikasjonar som er ein positiv drivkraft i lokalhistorisk arbeid og engasjement. | Bømlo Tur- og Sogelag er eit historielag som har teke ansvar for å halde 8 gamle hus ship shape". I tillegg til dette samlar laget stoff og bilete frå "gamle dagar" som vert trykt og gitt ut i eit hefte med namnet Leidarsteidn. Bømlo er ein sjøfartskommune med mange sjøfararar før og no. Sjøfararar har opp gjennom tidene brukt sol og stjerner til å navigere etter. Stjerner som dei orienterte seg etter blei kalla leidarstjerner. Det eldste kompasset var eit stykke magnetisk som flaut på ei treplate i eit kjerald med vatn og som dei hadde nede i båten. Det er vårt håp at liksom leidarsteidn hjelpedei sjøfarande i svunne tider til å finna vegen heim, kan Leidarsteidn-heftet helpa bømlingar og andre til å finna tilbake til røtene sine. |
| 13.03.2019 | Ubehandlet | Fjell kulturminnelag | Utstilling av landbruksgjenstandar i Løa på Gjerde kulturminnegard, Fjell | 20000 | 0 | Tiltaket vert vurdert som positivt med tanke på å fremje lokalhistorisk interesse og engasjement, men vi har i år valt å prioritere færre prosjekt med større beløp, og har etter ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsmengde dessverre ikkje prioritert dette tiltaket. | Gjerde kulturminnegard er eit tun med bustadhus og løe. Huset er i bruk til ulike aktivitetar. For å få fram heilskapen i tunet, er det viktig at løa òg får ei rolle. Ved å leggja til rette i løa er det mogeleg å få stilt ut gamle landbruksgjenstandar og opna den for besøkjande. Fjell kulturminnelag har ein del gjenstander som vil høv til føremålet og prosjektet går ut på å gjera ein del enkle tiltak i bygget med tanke på tryggleiken til besøkjande, velgja ut høvelege gjenstander, transport fram til og plassering i løa, laga infomateriell og belysning. |
| 15.03.2019 | Ubehandlet | FUSA HUSFLIDSLAG | Dokumentasjon og vidareføring av lokale vevtradisjonar i Hålandsdalen / Fusa | 20000 | 20000 | Vi vurderar tiltaket som viktig med omsyn til vern og engasjement om lokale vevtradisjonar. Det er positivt at laget samarbeidar med ein etablert museumsinstitusjon om prosjektet. | Prosjektet vil omfatte kartlegging, dokumentasjon og rekonstruksjon av eldre tekstilar som grunnlag for vidareføring av vevtradisjonen. Me vil dela prosjektet i 2 delar: 1. Kartlegging av teks ✔ lar og vevreiskaper, dokumentasjon og registrering av materiale. 2. Rekonstruksjon av eldre teks ✔ lar. Denne søknaden omfattar del 1. |
| 25.04.2019 | Ubehandlet | Hordaland sogelag | Lokalhistoriske dagar, kurs for medlemene | 37000 | 0 | Hordaland sogelag mottek fast driftstilskot. | Hordaland sogelag er eit regionlag for 32 lokallag i fylket. Tilskotet er stønad til lokalhistoriske dagar, kurs og møtedeltaking på landsplan. |
| 10.03.2019 | Ubehandlet | KVAM SOGE- OG KULTURMINNELAG | Stølsbok for Kvam, Årbok frå Kvam, Generell lagsdrift | 40000 | 7000 | Innvilga beløp er for utgjeving av publikasjonar som er ein positiv drivkraft i lokalhistorisk arbeid og engasjement. | Kvam soge- og kulturminnelag vil saman med Hardangerforlaget starta arbeidet med ei stølsbok. Stølsboka skal fortelja soga om stølslivet i Kvam og i hovudsak ta for seg stølar som var i drift i mellomkrigstida. |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 26.02.2019 | Ubehandlet | LINDÅS SOGELAG | Åttring frå Austfjorden | 30000 | 0 | Vi vurderar dette som eit godt prosjekt med tanke på vern og formidling av kystkultur i Nordhordland. Vi har i år valt å prioritere færre prosjekt med større beløp, og har etter ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsmengde dessverre ikkje prioritert dette prosjektet. | Lindås Sogelag har i si eige ein åttring frå Austfjorden i Lindås kommune. Båten er bygd kring 1890 av Jon Johnsen Kikall. I 2010 sette Lindås Sogelag i gang eit prosjek med å byggja ein kopi av denne båten. Av ulike grunnar vart det stopp i framdrifta i 2013. I 2018 vart det prøvd å koma vidare med prosjektet, og det vart tatt kontakt med Hardanger Fartøyvernsenter som har kome med kostnadsoverslag på kroner 628.250. Då er rigg og segl medrekna. Dersom ein ikkje får inn nok pengar, kan ein i første omgang byggja båten utan rigg og segl (99.750 kroner). Sogelaget har ei del material på lager med tanke på bygging av båten til ein verdi av omlag 40.000. Frå tidlegare har ein og kroner 134.000 kroner som ein vil bruka på dette prosjektet. |
| 15.03.2019 | Ubehandlet | MEMOAR | Sjøfartsminne | 30000 | 0 | Vi har i år valt å prioritere færre prosjekt med større beløp, og har etter ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsmengde dessverre ikkje prioritert dette prosjektet. | Memoar skal i 2019, 2020 og 2021 arbeida saman med Bergens Sjøfartsmuseum og Bergens Skipperforening om å samla inn, dokumentera, arkivera og formidla livsminneintervju med sjøfolk og andre med yrkesmessig tilknyknyting i sjøfartsnæringane på Vestlandet. Prosjektet er også del av eit stort samarbeid mellom Memoar og 12 musé rundt i landet, der formålet er å utvikla og kvalitetssikra arbeidsmetodar og infrastruktur for å sikra munnleg historie og livsminner i andre format. |
| 15.03.2019 | Ubehandlet | NATURVERNFORBU NDET HORDALAND | Naturvernhistorie i Hordaland | 30000 | 25000 | Vi vurderer dette som eit godt prosjekt med omsyn til vern av eit viktig kulturhistorisk materiale. Det er positvt at de samarbeidar med ein etablert arkivinstitusjon som Arkivest. | I en bod på Bryggen i Bergen finnes det en mengde dokumentasjon som vitner om arbeidet som er gjort av frivillige og ansatte i Naturvernforbundet Hordaland i en årrekke. I årsskiftet 2018/19 ble vi 100 år, så i boden har det samlet seg en mengde bilder og dokumenter om saker knyttet til naturvern, som utbygging av E39, dokumenter fra Bybanens begynnelse, samt interne saker. I fjor startet vi samarbeid med Birger Haugdal fra Bergen byarkiv/ArkiVest om å ta vare på materialet. I første omgang søker vi om midler for å gå gjennom resten av materialet og frakte det til Byarkivet. Da vil Haugdal skaffe seg oversikt slik at vi sammen kan lage en videre plan for systematisering, digitalisering og formidling. |
| 15.03.2019 | Ubehandlet | OS SOGELAG | Registrering av livsminne | 30000 | 0 | Vi ser at Os sogelag har gode intensjoner når det gjeld innsamling og dokumentasjon av livsminne. Vi saknar eit meir detaljert budsjett og vil i tillegg tilrå at laget rådførar seg med ein etablert museums/arkivinstiusjon for rettleiing og samarbeid. Vi har i år valt å prioritere færre prosjekt med større beløp, og har etter ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsmengde dessverre ikkje prioritert dette prosjektet. | Os Sogelag vil registrera livsminna til eldre folk i bygda. I gruppa DigitamuseumOs vil vi registrera historiske gjenstandar og visa desse på internett og ta opp video av korleis gjenstandane vart nytta. |
| 13.03.2019 | Ubehandlet | RADØY SOGELAG | Jubileumsutgåve Sogeblad | 24500 | 7000 | Innvilga beløp er for utgjeving av publikasjonar som er ein positiv drivkraft i lokalhistorisk arbeid og engasjement. | I høve Radøy sogelag si 30 års jubileum i 2019 ønskjer me å produsere og gje ut ei ekstra fyldig utgåve av eit sogeblad med lokalhistorisk innhald. Det skal vere variert, med til dømes forteljingar, historiske bilete, før og no bilete, livsminne, intervju, segn og krigshistorie. Me vil ikkje ha eit spesielt tema, men fokusere på ei breidde der alt frå kvardagshistoriar til større sensasjonar er like viktig, eldre og nyare historie er ønska. Skriftstyret koordinerar innsamling av materiale frå lokale bidragsytarar, medlemmar og arkiv. |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 11.03.2019 | Ubehandlet | STORD SOGELAG | Hatland skule | 50000 | 0 | Vi ser at slike prosjekt kan skape eit breidt lokalhistorisk engsjement, men vi har i år valt å prioritere færre prosjekt med større beløp, og har etter ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsmengde dessverre ikkje prioritert dette prosjektet. | Hatland skule frå 1862, er eldste skulen i Stord frå skulebyggingstida (1860-1900 ) i Langeland skulekrins, flytta til Hatland i 1897 ( kretsregulering). Skulen har stått utan bruk i lengre tid og må sikrast mot vidare forfall. ( Stord kommune sitt ansvar ) Stord sogelag arbeider for at desse viktige kulturminne må sikrast for ettertida, ev. flyttast tilbake til opphaveleg stad, og takast i bruk. Kan bl.a. bli del av prosjektet Kulturminne i barnehage og skule. Bygningen kan brukast av lag og organisasjonar og bli ein viktig kulturell møtestad. Vi vil skipe eit venelag og etablere eit samarbeidsprosjekt for realisering av ivaretaking og bruk av denne viktige historiske bygningen. |
| 15.05.2019 | Ubehandlet | SUND SOGELAG | Årboka Havstrilen | 8000 | 7000 | Innvilga beløp er for utgjeving av publikasjonar som er ein positiv drivkraft i lokalhistorisk arbeid og engasjement. | «Havstrilen» er ei kulturhistorisk årbok for Sund, Fjell og Øygarden, eit samarbeid mellom sogelaga der og Museum Vest. Årboka er basert på dugnad. Utgiftene gjeld tilrettelegging av tekst, formgjeving og prenting, utan godtgjersle til medhjelparane og artikkelforfattarane. Sund sogelag har kvart år ansvar for å skaffa 4–6 artiklar med eldre og nyare stoff frå vårt område. Det er lite som blir prenta av slikt stoff herifrå, så årboka er eit viktig lokalhistorisk tiltak. Sidan det kan vera vanskeleg å få balanse i økonomien, har Sund sogelag gjev eit lite tilskot til årboka dei fem siste åra. Eit eventuelt tilskot frå fylkeskommunen vil gå til prosjektet «Havstrilen 2019». |
| 18.02.2019 | Ubehandlet | TYSNES MUSÉLAG | Registrering og oppbevaring av musealer | 20000 | 0 | Det er viktig å finne gode løysingar for registrering og sikring av samlingar utanfor dei etablerte bevaringsinstitusjonane. Det er positivt at Tysnes Museumslag tek tak i denne problemstillinga og etablerar samarbeidsløysingar. Vi har i år valt å prioritere færre prosjekt med større beløp, og har etter ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsmengde dessverre ikkje prioritert dette prosjektet. | Tysnes Musélag har gjennom årene kommet i besittelse av en del musealer som vi bør registrere og oppbevare mer betryggende enn vi har maktet hitil. Vi trenger samarbeid med fagfolk (Sunnhdl Museum, Stord og Hordaland Museum, Bergen) og alt slikt koster penger, og trenger et forprosjekt som anslagsvisk vil kunne koste kr 20.000,-. |
| 21.03.2019 | Ubehandlet | ULVIK HERAD | Søknad om tilskot til lokalhistorisk arkiv | 15000 | 0 | Vi vurderar tiltaket i søknaden som positivt i høve til å sikre ålmenta tilgang til lokalhistorisk kjeldemateriale. Men vi vurderar samstundes at tiltaket er på sida av rammene i retningslinene for denne tilskotsordninga, som primært gjeld for alle sogelag/historielag i Hordaland evt. i samarbeid med andre. Vi har i år valt å prioritere færre prosjekt med større beløp, og har etter ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsmengde dessverre ikkje prioritert dette prosjektet. | Me søkjer om kr. 30 000 i støtte til fylgjande tiltak:<br>1. Overføring av 188 objekt i BraFelt til Askeladden/Riksantikvaren.<br>2. Registrering av gjenstander i lokalhistorisk arkiv på digitalt museum.no |
| 06.03.2019 | Ubehandlet | Vener av Mjøsvågen | Lage dokumentasjonsmateriale/ informasjonsmateriell for at besøkjande ved Mjøs historiske metallstøyperi som er under etablering, skal få ei god innføring i historia og i metallstøyeprosessen | 30000 | 20000 | Vi vurderar tiltaket som eit godt lokalhistorisk tiltak og eit viktig dokumentasjonsprosjekt. Det er positivt at laget har funnet gode samarbeidsløysingar som også involverer lokalt næringsliv. | Vener av Mjøsvågen arbeider no saman med Mjøs Metallvarefabrikk AS, Øvsthus AS, Mjøsvågen Landhandleri AS, Osterøy museum og Osterøy sogelag om etablering av Mjøs historiske metallstøyperi som skal syne historia til dei 3 metallstøyperia ved Mjøsvågen. Vener av Mjøsvågen vil lage digitale forteljingar (til saman 7 ulike videoar) samt utarbeide opplysingsmateriell. Publikum vil få sjå sjølve støyperiet etter Nikolai Mjøs metallvarefabrikk. Dette vil vere ope alle dagar i landhandleriet si opningstid. Vener av Mjøsvågen har samarbeidd med Osterøy museum og Osterøy sogelag omboka «Ein våg me veit um». Her er historia skriven og me har opparbeidd ei stor biletesamling. Dette samarbeidet vert ført vidare i dette dokumentasjonsprosjektet |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 14.03.2019 | Ubehandlet | Voss Sogelag | Bokutgjeving - Gamalt frå Voss og Vossabygdene | 25000 | 7000 | Innvilga beløp er for utgjeving av publikasjonar som er ein positiv drivkraft i lokalhistorisk arbeid og engasjement. | For å ta vare på, og formidla historie om Vossebygdene, har årboka "Gamalt frå Voss" vorte utgjeve, kvart år sidan 1969. "Vossabygdene, band 1" vart utgjeve i fjor. Boka inneheldt heile utgjevne av laget (føreløpar til "Gamalt frå Voss") i tida 1910 til 1917. Desse hefta var i dag nærast umogelege å få tak i. Band 2, åra 918-ca.1925, er no i arbeid. |
| **Sum** | | | | **480500** | **100000** | | |